



Luster kommune



NYTT UNDER STOREN 2-21

Internavis for Luster kommune

Gode medarbeidar.

Eit høgst spesielt år går mot slutten. Ja so skreiv eg også for eit år sidan og det kan vere god grunn til å gjenta det. Omskiftelege tider og store svingingar er andre ord eg og fleire har nytta- i det kommunale gjeld dette Korona, det gjeld straum og det gjeld økonomi...

Ser me vekk frå dette så har mykje gått som planlagt. Det er levert gode tenester sjølv om bemanning og krevjande vikarsituasjon tidvis og nokre stadar har vore meir krevjande enn ynskjeleg. Me har og fått gjort mykje av det plan-, utviklings- og investeringsarbeidet som stod på programmet. Rådmannen takkar for svært mykje godt arbeid og stor innsats.

Koronaen har gitt oss ekstra utfordringar. Me trudde lenge det var dags for normale tilstandar og avrunding av Korona. Det såg lovande ut, men så kom ei ny smittebølgje som medfører innstrammingar og ei anna julefeiring enn me hadde håpa på. Me håpar at innstrammingane vert kortvarige og me roar oss litt med at vaksinstatusen er god og vil hjelpa oss over dette.

Lenge utover året så sette me i kommunen stor pris på gode kraftinntekter, etter eit svært dårleg år i 2020, men på slutten av året er gjerne kraftprisane den største uroa og ubalansen – det prisenivået på straum me har no er eigentleg ikkje av det gode verken for kommunen, næringslivet eller innbyggjarane. Så her har me og eit nyttårshåp om ein stabil og fungerande energimarknad på eit fornuftig prisenivå.

Eg vil avslutta med å fornya den årlege helsinga: Det er jul og nokre rolege dagar for dei fleste. Eg takkar for god innsats i 2021 og ynskjer deg og dine ei retteleg god jul og godt nyttår.



Jarle Skarsten
Rådmann

Budsjettet for 2022.

Planane for 2022 er lagde med kommunestyret sitt budsjettvedtak – og rådmannen har fått godt gjennomslag for sine vurderingar. Samtidig er budsjettet likevel spesielt, då me for første gang har vedteke eit budsjett der drifta ikkje balanserar, men treng nærare 10 million kroner frå reservane/fonda for å gå i hop. Ein hovudgrunn til dette er at for året 2022 er det allmenne eigedomskatten teken ut. At kommunestyret samla seg om dette må og sjåast i samheng med dei høge straumprisane. Det er føresett at kommunen tek av sine reserver/fond og dekkar opp medan spart eigedomsskatt vert ein lette for innbyggjarane.

Sjeldan har rådmannen teke så feil som når han skreiv om budsjettet for 2021 og då med utgangspunkt i kva som skjedde i 2020. Svingingane me har opplevd og opplever innan finans og kraftprisar gjer andre utfordringar og endringar småe. Etter at me måtte betale for å selje konsesjonskrafta i 2020 så tenar me store pengar på dette i 2021 og truleg og gode inntekter i 2022. Me må sjå fleire år i samheng og litt meir føreseielege prognosar innan kraft og finans er ynskjeleg.

Budsjettframlegget legg opp til vidareføring av noverande drift. Driftssituasjonen framstår som god, dog er det på fleire område aukande utfordringar knytta til bemanning, rekruttering og tilgang på vikarar. Strategiarbeid på dette området må prioriterast. Det er små aktivitetsendringar, små endringar i demografi. Etter ein viss rammeauke i budsjettet ved halvårsregulering av budsjett 2021, med 6,8 million kroner, som i stor grad er vurderte som permanente, er reell rammeauke for 2022 avgrensa til 2 million ekstra til ressurskrevjande omsorg. Skulen i Skjolden går frå 3-delt til 2-delt grunna redusert elevtal. Behovet for barnehageplassar syner store årlege svingingar mellom krinsane, men i sum stabilt. Framlegget utvidar plasstalet i Luster/Dale og eventuelt Indre Hafslo, men ledig kapasitet i Gaupne og Hafslo er tilgjengeleg/må brukast for å tilby nok plassar inkludert suppleringsopptak.

Budsjettframlegget er svært offensivt når det gjeld utvikling og investering. Planleggingsprogrammet prioriterar fullføring av KPS, oppstart av KPA, utarbeiding/revisjon av beredskapsplan og fleire reguleringsplanar for sentrumsutvikling, Hafslo og Gaupne, og bustadutvikling, Indre Hafslo og Marifjøra. Investeringsplanen er svært ekspansiv med fokus på barnehageutbygging, Gaupne og Hafslo. Planen har stor breidde og eit godt nivå på nødvendige rammeløyvingar til fornying av bygg, anlegg og VA. Det er prioritert «sentrumstiltak» i Solvorn og Gjerde.

Nærings- og samfunnsutviklingsarbeidet er styrka inkludert å følgja opp vedteken regionalplan i regionrådet. Det vert og lagt opp til å starte utgreiingsarbeid for idrettshall på Hafslo, kulturbygg i Gaupne og helsehus, omsorgskapasitet mot 2030 – så me får hendene fulle av oppgåver...

God Jul og
Godt nyttår!



PERSONALNYTT

Byrja og slutta i Luster kommune (fast tilsette), perioden 01.08.2021 - 31.12.2021

Velkomen!

Veitastronnd oppvekstsenter

Elisabeth Alme, rektor
Marit Haganes, pedagogisk leiar/assistent
Maria Søhoel, lærar

Luster oppvekstsenter

Solveig Kristin Farestveit, assistent

Solvorn oppvekstsenter

Malene Kvam, barnehagelærar
Ingrid Ruud, lærar

Jostedal oppvekstsenter

Sigbjørn Leirdal, fagarbeidar
Ragnhild Elin Talle, lærar
Heidi Heløy, Jostedal barnehage

Indre Hafslo oppvekstsenter

Anne Sofie Sjøli, barnehagelærar
Oddny Elise Falkgjerdet, fagarbeidar
Gro Anita Engen, miljørettleiar

Gaupne barnehage

Jorunn Anita Åsen, fagarbeidar
Stine Steig, barnehagelærar
Linn Fuhr, assistent

Gamlestova barnehage

Janniche Fossøy, fagarbeidar

Hafslo barnehage

Linn Therese Skagen, fagarbeidar

Luster ungdomsskule

Ragnhild Prestegård, miljørettleiar

Gamlestova barnehage/Hafslo barnehage

Lise Berge Rasmussen, barnehagelærar

Gaupne skule/Luster ungdomsskule

May Iren Prestegård, fagarbeidar

Oppvekst

Dagfinn Hovland, ressurslærar begynnarpplæring

Luster omsorgssenter

Marte Moen Heggstad, fagarbeidar
Beate Bondevik Lie, fagleiar
Elise Larsen, sjukepleiar
Rannveig Gunvordal Flatland, miljøarbeidar/assistent

Gaupne omsorgssenter

Monica Sjøthun, heimehjelp
Grethe Kristin Leirdal, sjukepleiar
Marit Fardal Berdal, heimehjelp
Marita Gjerde, heimehjelp

Grandmo miljøteneste

Andrine Aarseth Solberg, miljørettleiar
Trude Bergum, vernepleiar

Omsorgstenesta

Lisbeth Olstad Servold, konsulent

Sentralkjøkkenet

Chrisander Engevik Hartveit, kokkeassistent

Forvaltning og utvikling

Ole Gunnar Krakhellen, stabsleiar

Landbruk og naturforvaltning

Olav Øyrehagen, fagleiar

Planavdelinga

Nikolai Hoelgaard Weum-Andersen, arealplanleggar

Teknisk drift

Jana Ievina, reinhaldar
Ragnhild Haugsvær, reinhaldar
Per Melchior Fuhr, fagansvarleg bygg/formann

Takk for innsatsen!

Hafslo omsorgssenter

Heidi Annie Fredheim, heimehjelp
Karen Margrete Bruflat, hjelpepleiar
Marita Melheim, fagarbeidar

Luster omsorgssenter

Slavojka Tadijanovic, sjukepleiar
Brita Torlaug Leirdal, hjelpepleiar

Gaupne omsorgssenter

Borgny Leirdal, assistent

Omsorgstenesta

Aud Jorunn Høyheim, konsulent

Helsesenteret

Ane Sigrid Midtbø England, helsesjukepleiar
Caroliina Johanna Hendrika Van Elswijk, barne- og ungdomsfysioterapeut

Hafslo barnehage

Linn Therese Skagen, fagarbeidar
Audhild Timberlid, assistent

Hafslo barne- og ungdomsskule

Inger Beate Elin Dalheim, lærar
Kirsti Elisabeth Henden, lærar
Helge Harkjerr, lærar
Kari Kristine Lomheim, lærar
Martin Heddan Kortner, lærar

Skjolden oppvekstsenter

Anna Sissel Fuglesteg, fagleiar barnehage

Jostedal oppvekstsenter

Randi Norberg, barnehagelærar
Ruth Helgestad, lærar

Teknisk drift

Jon Evjestad, arbeidsleiar
Anne-Mari Kristoffersen, reinhaldar
Jermund Hagen, vaktmeister

Luster bibliotek

Torill Susanne Yttri Otterhjell

Rådhuset - lønsavdelinga, byggesaksavdelinga

Ingvild Midtun Kjos, rådgjevar løn
Birgitte Eitrem Landmark, ingeniør byggsak

NAV

Trine Anita Systad, rådgjevar

Bedriftstrening for tilsette

Me håpa lenge at bedriftstreninga kunne starte opp att i januar, men nye korona virus variantar hindrar det.

Det vil bli gjort ei ny vurdering i slutten av januar 2022.

Når bedriftstreninga startar opp att vil alle tilsette få epost med informasjon på si kommunale epostadresse.

Vernerundar 2021

Det er leiarane som har ansvar for gjennomføring og dokumentasjon i LKK av vernerunde på eininga. Dei lokale verneomboda har medverknadsplikt og bør etterspørje gjennomføring.

82% av einingane har så langt gjennomført og dokumentert vernerunde i 2021.


Arbeidsmiljøutvalet og rådmann ber om at einingane som framleis ikkje har gjort dette gjer det snarast råd.

Einingsleiarar som treng hjelp til gjennomføring/dokumentasjon, kan ta kontakt med hovudverneombod Svein Tore Heltne, tlf. 57685704.

KOMPETANSE/REKRUTTERING

KVALITETSARBEID

ORGANISASJONSUTVIKLING



Skifte av Sak/arkiv system frå ESA til ACOS Websak+ (3.januar 2021)

3. Januar 2021 blir det nye sak/arkiv systemet ACOS Websak+ sett i drift. Under finn du meir informasjon om kva som skjer i mellomperioden frå gammalt system (ESA) vert stoppa og til Websak+ kjem i drift:

Tidsskjema innspurten - overgang frå ESA til WebSak:

22. desember

Siste dag for sakshandsaming i ESA!

Ansvar: Sakshandsamar/leiar. Alt du skal ekspedera ut, arkivera, ferdigstill, avslutta må gjeast innan i dag kl. 1500.

22. desember

Sakshandsamar tek ut oversikt over Opne saker og Mottatt post.

Ansvar: Sakshandsamar/leiar.

23/12 - framover

ESA er stengt og berre tilgjengeleg for søk!

Ansvar: Sakshandsamar/leiar. Det blir ikkje oppretta nye saker, inngåande brev, notat i ESA. Du kan ikkje arkivera eller ekspedera ut notat/brev, eller avslutta saker.

23/12 - 2/1, 2022

Det blir ikkje publisert postliste i denne perioden. Info på heimesida 15/12, og oppdatert seinare.

3. januar 2022

Oppstart WebSak

Kva gjer du i perioden ESA er stengt - 23/12-2021 - 2/1-2022?

Papirpost:

1. Utgåande brev:

- Du kan berre heilt unntaksvis skriva og senda brev i denne perioden. Produksjon og utsending bør skje i ESA før eller etter. Viss du må senda må du laga kopi av brevet du sender ut og levera til arkivet for registrering. NB: Noter eventuell saksnr. i ESA, so lagar me kryssreferanse frå WebSak når me registrera.

2. Innkome brev:

- Innkome brev som du mottok direkte skal leverast arkivtenesta. Me stempla med mottatt-dato og registrera det i WebSak etter 3. Januar.
- Innkome brev som arkivtenesta mottok blir stempla med mottatt-dato og blir registrert i WebSak etter 3. januar. Hast blir formidla til sakshandsamar.

E-post:

1. Utgåande e-post som skal i WebSak - frå sakshandsamar

- Set postmottak@luster.kommune.no på kopi so registrerar me eposten i WebSak etter 3. januar. Skriv saksnr. i ESA i emnefeltet på eposten
 - Eller du registrerar eposten sjølv i WebSak med dra-og-slepp som vist på opplæringa.
2. Innkome e-post som skal i WebSak - frå sakshandsamar
 - Send til postmottak@luster.kommune.no so registrerar me det i WebSak etter 3. januar. Skriv saksnr. i ESA i emnefeltet på eposten
 - Eller du registrerar eposten sjølv i WebSak med dra-og-slepp som vist på opplæringa.
 3. Epost til postmottak
 - Mottatt epost blir registrert i WebSak frå 3. Januar.
 - HAST blir vidaresendt til sakshandsamar og registrert seinare av arkivet.

Kva blir nytt for publikum og politikarar?

- Ny postliste med fleire søkefunksjonar
 - [Sjå døme Sunnfjord kommune](#)
- Fulltekstpublisering av offentlege dokument for byggesaker, plansaker, oppmåling, landbrukssaker knytt til gbnr.
- Eigen møteportal for folkevalde der planen er at kommunestyret, formannskapet og plan- og forvaltningsutvalet mellom anna kan melde forfall, melder inn forslag i saker og votera over saker.

Kva blir nytt for deg?

- Ny modul for sakshandsaming av byggesaker og plansaker – ACOS Eiendom - sjekk demo: <https://vimeo.com/544473117/7cf74f0b39>
- Ny modul for møter og utval - ACOS Møte+
- Integrasjon mellom e-post og WebSak
- Integrasjon mellom Teams/M365 og WebSak
- Dra-og-slipp funksjon for enkel lagring av dokumentfiler
- Ny skjemaløysing – ACOS Interact
- Styringsverky for leiar

Framleis korona – framleis smitteverntiltak

I siste møte i Arbeidsmiljøutvalet ber ein tilsette framleis vere nøye med hoste- og handhygiene og håndvask.

Arbeidsmiljøutvalet ber og om at leiarar syter for at dispenserar for spriting av hender er oppfylte og lett tilgjengelege.

Dei små, men viktige tinga kvar og ein av oss gjer – er avgjerande for å hindre smitte og sjukdom.



Anine Kvåle Sanden - IKT lærling

Lærlingar i Luster kommune:

Du har sikkert sett og møtt nokon av dei? No ved juletider har me lærlingar på Hafslo-, Gaupne- og Luster omsorgssenter, samt på Grandmo miljøssenter.

Me har lærlingar i Gamlestova- og Gaupne barnehage og på Indre Hafslo oppvekstsenter. Me har lærling i sørvistorget og for første gong har me ein kvinneleg lærling på IKT-avdelinga.

Innføring av Microsoft 365 i kommunen:

Luster kommune innfører no Microsoft 365 med ønske om å gje gode digitale arbeidsplassar for dei tilsette, med digitale arbeidsverktøy som forenkler samhandling.


Luster kommune har fram til no nytta e-post og filskjer(fellesområder) og delvis intranettet til samhandling, samt Skype for business til digital møteverksemd.

Ønske om å utføre ein god digital transformasjon som baserer seg på utnytting av digital teknologi er forventa av Digitaliseringsdirektoratet.

Microsoft 365 er skybasert og innheld Teams, Officeprodukta, Onedrive, SharePoint og telefoni med digitale møteverktøy.

Det blir no arbeidd med ein vidare opplæringsplan og ein rutineskilding på korleis me i Luster kommune skal nytte samhandlingsverktøyet M365.

- Microsoft 365 skal vere hovudkommunikasjonskjelda for intern informasjon.
- Skal vere tilgjengeleg for alle tilsette i kommunalt nett.
- Ein følgjer rutine for lagring av arkivverdi materiale i godkjent saksbehandlingssystem. (ingen sensitive data i M365 og ingen sakshandsaming i M365)
- Det skal vere tofaktor pålogging om ein er utanfor SysIKT-nettet med arbeidsverktøyet.
- Låg brukarterskel slik at mange vil og kan delta. Det skal leggje grunnlaget for ein kultur for deling.
- Opplæringa skal i hovudsak vere digital gjennom KS Læring.



Årshjulstiltak 2021



Gjennomførte tiltak:

- Kostra rapportering
- Rekneskap og årsmelding (frå einingane)
- Leiardialogen
- Kvartalsrapport 1
- Medarbeidarsamtalar
- Rekneskap og årsmelding (rådmannen)
- Vernerunde
- Halvårsrapport
- Val 2021
- Kvartalsrapport 2
- Budsjett, planprogram, økonomiplan

Komande tiltak:

- Rekneskap (des)
- Årsrapport (2021)

Helseundersøking for tilsette ved teknisk drift:

I samarbeid med bedriftshelsetenesta Avonoa er det i haust gjennomført helseundersøking av tilsette på teknisk drift. Helseundersøkinga omfattar vaktmeisterar, kommunale arbeidarar, reinhaldarar og leiinga.

Veitastond oppvekstsenter:

Veitastond oppvekstsenter er oppretta som eige verneområde. Dei har alt gjennomført vernerunde og valt verneombod.

Julegåve 2021

Sidan 2013 har eit lag/organisasjon fått ei julegåve på 25.000 frå Luster kommune. Dette i staden for gåve til tilsette.

Arbeidsmiljøutvalet bestemte i møte 07.12.2021:

Julegåva på 25.000,- frå Luster kommune går i år til eit lokalt føremål/tiltak for ungdom.

Leiar i arbeidsmiljøutvalet avgjer korleis gåva skal nyttast.



Sjukefråvær Luster kommune samla:

